

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Arild Borgen (R) tiltredde behandlinga av saka.

Nils Marton Aadland (H) sette på vegne av H, Frp, V og MDG fram slikt forslag:

Tillegg pkt.4, etter andre setning.

«Fellesnemnda får vurderinga til politisk behandling/innstilling til Vestland fylkesting.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

Tillegg til pkt.2, kulepunkt 2.

«I høve budsjett 2021 ber fellesnemnda om at prosjektleiar også vurderer om tiltak/utgreiingar kan konkretiserast allereie i budsjettprosessen gjennom arbeidsåret 2020.»

Røyting

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 1 vart samråystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 2. vart samråystes vedteke.

Søviknes sitt forslag vart samråystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 3 vart samråystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 4 vart samråystes vedteke.

Aadland sitt forslag vart samråystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 5 vart samråystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om finansutvalsmodellen – målsetting, rollar og praktisk gjennomføring til vitande.
2. Fellesnemnda fastset følgjande arbeidsmål for utarbeiding av sitt budsjettframlegg:
 - Budsjettår 2020 skal salderast med realistiske, gjennomførbare tiltak.
 - 2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år. I høve budsjett 2021 ber fellesnemnda om at prosjektleiar også vurderer om tiltak/utgreiingar kan konkretiserast allereie i budsjettprosessen gjennom arbeidsåret 2020.
 - 2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.
3. Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortstiktig salderingstiltak i 2020.
Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.
4. Fellesnemnda tek orienteringa om investeringsprogrammet i økonomiplanen 2020-23 til vitande.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av kva prosjekt som kan tidsforskyvast på kort sikt, for å redusere kapitalutgiftene i 2020.
Fellesnemnda får vurderinga til politisk behandling/innstilling til Vestland fylkesting.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av det samla nivået på sekkepostløyvingane.
Prosjektleiar får i oppgåve å gjere nærmare greie for finansieringsplanen knytt til ikkje påbegynte prosjekt.

5. Sluttsalderinga av økonomiplan 2020-2022 vert reversert og teken inn som ei økonomisk utfordring i arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.